Voss kommune
Kommunalavdeling for pedagogiske tenester

Skriv ut skjema
Tilbakestill skjema

Telefon: 56519400
Fax: 56519653
E-post: postmottak@voss.kommune.no

Fyll ut skjemaet på PCen, skriv ut og send/lever!

Søknad om timar til særskild språkopplæring for framandspråklege elevar, §2-8

Skuleåret: Oppgje år!

Vi søkjer om timar til særskild språkopplæring for:

Fødselsdato: Årssteg: Velg årssteg! Velg skule

Adresse

Tal timar det vert søkt om for skuleåret:

Særskild norskopplæring: Oppgje tal timar!

Tospråkleg fagopplæring: Oppgje tal timar!

Morsmålsopplæring: Oppgje tal timar!

Språk

Andre opplysningar:

Kor mange år har eleven gått i norsk skule? Oppgje tal år!

Kor mange timar særskilt norskopplæring pr. veke har eleven hatt dei to siste åra? Oppgje timetal!

Kor mange timar morsmål pr. veke har eleven hatt dei to siste åra? Oppgje timetal!

Grunngjeving for søknaden: (Eventuelt eige ark)

Stad: Dato:

SØKJAR: Blokkbokstavar / signatur

Rektor si vurdering:

Stad: Dato:

- rektor -

I følgje Lov om forvaltning § 27, har føresette rett til å klaga på vedtaket. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De har motteke brev om vedtak.

Lovgrunnlag for særskild språkopplæring:

Særskild norskopplæring er heimla i Opplæringslovar § 2-8:

«Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.»

Vidare står det at

- *«Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring.»*
- *«Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring.»*
- *«Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette leddet krev samtykkje frå elev eller føresette.»*

Elevar i barneskulen

Innføringsklasse på Vangen skule

I tråd med dette er det i Voss kommune 2 ulike måtar å gje norskopplæring for minoritetsspråklege i grunnskulen. Nyankomne kan bli tilbode norskopplæring i kommunen sin innføringsklasse ved Vangen skule. Kommunen har eigne prosedyrer for søknad og vedtak om opplæring i innføringsklasse. Søknad blir sendt via nærskulen til rektor ved Vangen skule som fattar vedtak.

Særskild språkopplæring på nærskulen

Elevar med manglande norskkunnskap kan også få tilbod om særskild språkopplæring ved nærskulen. Søknad om dette blir sendt til rektor ved nærskulen som fattar vedtak. Før vedtak vert fatta, skal eleven sin språklege kompetanse bli kartlagt.

Klage

Etter Lov om forvaltningen, § 27, kan vedtak om særskild språkopplæring klagast inn for Fylkesmannen. Klage vert sendt via rektor ved nærskulen. Før klagen vert sendt vidare til klageinstansen, skal den som har fatta vedtaket vurdere om det er grunn til å endre det. Klagefrist er 3 veker frå den dagen vedtaket er motteke.

Elevar i ungdomsskulen

Søknad om særskild språkopplæring på ungdomssteget vert sendt til rektor ved nærskulen, dvs. anten Voss ungdomsskule eller Sundve skule. Reglar for klage etc. er det same som for elevar i barneskulen

Kor lang tid kan ein søkje om?

Vedtak om særskild språkopplæring blir gitt inntil eitt år av gangen.

Kva kan ein søkje om, og kva vilkår gjeld?

Ein kan søkje om

- Særskild norskopplæring. Det er sett som vilkår at eleven har anna morsmål enn norsk og samisk, og at han/ ho ikkje har gode nok kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege undervisningar.
- Morsmålsundervisning. Dette gjeld nytilflytta som har særs avgrensa kunnskapar i norsk. Denne undervisninga blir gitt utanom ordinær skuletid.
- Tospråkleg fagopplæring.

Både når det gjeld morsmålsundervisning og tospråkleg fagopplæring er det knytt vilkår at det må bli gitt av eigna undervisningspersonale.

Kommunalavd. Oppvekst 2015